

Økonomistatus for Kvam herad per 2. tertial 2013



1 Fornuft og følelsar

Mantraet «har du ikkje forslag til løysing, så har du heller ikkje eit problem» kjem tydlegare og tydlegare fram i organisasjonen. Den kanskje største utfordringa i å innføra dette er å byggja ei forståing for at for små budsjett er ikkje eit problem, og meir ressursar er ikkje ei løysing.

Størrelsen på budsjettet er eit rammevilkår. Løysingane ligg i kva me gjer, kva me ikkje gjer, korleis me gjer det og korleis me samhandlar internt og utanfor organisasjonen. Me må visa ein vilje til endring, leita etter nye løysingar, prøva, mislukkast og prøva noko nytt.

Tilsette kan vera fagleg ueinige i delar av budsjettvedtaket, og enkelte punkt kan virka urettferdig. Mange har ei oppleving av at dei raskt må byggja ned tenester dei har bidrige til å byggja opp over mange år. Tilsette reagerer svært ulikt i slike situasjoner. Sinne, makteslause, apati og undring er normale kjensler for nokon, men etter kvart snur dette til ein stå-på vilje og eit løysingsfokus. Kulturen vår må byggja på openheit og stor takhøgd i prosessen fram mot avgjerd, deretter visa engasjement om løysingar og gjennomføring. Engasjementet om løysingar skal ikkje forvekslast med moglegheit for omkamp.

Denne statusrapporten viser at det vert arbeidd godt i einingane. Budsjettet vert teke på alvor. Sjølv om tilsette kan vera både politisk og fagleg ueinige vert vedtak gjennomførte. Dette er ein viktig føresetnad for at demokratiet skal fungere. Utan å bli skulda for omkampar må det likevel vera rom for at byråkratiet av og til kan be om ein fot i bakken for å avstemma at dette verkeleg var det dei folkevalde ynskte. Desse avstemmingane kan ikkje kome for ofte, og dei må vera koordinerte. Skal ein ta dei stykkevis og etter innfallsmetoden, får me raskt eit samfunn der den som ropar høgast får viljen sin. Det finst nesten ikkje grenser for kor mykje støy trivialitetar kan skapa, medan det som faktisk betyr noko kan gå forbi i det stille. Det som ofte er avgjerande er ressursane til den som ropar, og ikkje minst retoriske evner til å laga lidelsesforteljingar ut av kva som helst.

Ei av dei største farer for demokratiet skjer når politikarar, og byråkratar for den saks skuld, lar følelsar danne grunnlag for avgjerder. «Eg føler at dette er riktig...» er eit varsiko om at her trengs meir fakta. Når følelsar vert blanda inn vil alltid det som står ein nær bli tillagt større vekt enn det som er fjernt. I den offentlege forvaltninga bør likskapsprinsippet erstatta «føleriet». Like tilfelle må behandlast likt.

I motsetnad til diskusjonane rundt nivået på barnehagetenesta i vår, står me i pleie og omsorg ovanfor utfordringar der fakta er komne på bordet. Alt for mange pasientar står no i kø for å få plass på institusjon eller i omsorgsbustad.

Eg blir stadig minna på at Strandvegen i Norheimsund er rota til nesten alt det vonde i kommunen. Det finst nesten ikkje den ting me hadde hatt råd til om ikkje me hadde bygd Strandvegen. Eg trudde eg skulle sleppa å bruke fleire tastetrykk på dette prosjektet fleire månadar etter opninga. Å irritera seg over installasjonar som er ferdige og tekne i bruk er etter mitt vit rimeleg bortkasta energi. Å innbilla seg at om ikkje me hadde bygd Strandvegen så hadde me i all uendeleg framtid hatt råd til barnehagar i kvar sving, høgare bemanning og kommunal lunsj i dei same barnehagane, institusjonssenger til alle som ynskjer å flytta inn, gratis skuleskyss til alle, fri flyt med ressursar i skulen, subsidierte nærings- og bustadomter og null eigedomsskatt er temmeleg håplaust. Strandvegen som utgjer mindre enn ein prosent av alle investeringar som er gjort i kommunen, og påfører drifta eit par hundre tusen i årlege rente og avskrivningar stjel nesten all merksemrd. Å gleda seg over nye skular, barnehagar, idrettshallar, institusjonar, trygde- og omsorgsbustadar, vegar og reint vatn vert oppfatta som bannskap. Er det fordi slik glede kunne kanskje bety at ein var nøgd med noko, og det verkar det vera vanskeleg å unna andre? Å sjå på realitetane, at Kvam herad er ein del av ei større trend, der alle kommunar opplever stadig trongare rammer, betyr vel at det ikkje finst lokale syndebukkar, og er nok dermed ikkje så interessant. Om me ikkje ser lenger fram enn til nasetippen er det stor fare for at me berre ser i kryss.

Arild McClellan Steine

- rådmann -

2 Endringar og risikomoment per 2. tertial

Det er stort fokus på innsparinger i kommunen, og det gjev resultat. Som i 1. tertial, arbeider einingane hardt for å halda rammene sine, og ser ut til å lukkast.

Finansområdet er forbetra med 1,4 mill.kr, men tidsforskyving i investeringsprosjekt medfører eit inntektsfall på 4,6 mill.kr meirverdiavgift. Samla er budsjettet driftsresultat forverra med 2,5 mill.kr i tertialen.

Når 2/3 av året er unnagjort, har kommunen eit godt bilet av situasjonen. Det er likevel fleire moment som kan få konsekvensar for økonomien i 2013:

Frie inntekter

Per august har 64,6 % av skatteinntektene kome inn, mot 64,1 % så langt i fjor. I kroner utgjer det 6,7 mill.kr av den totale budsjettete auken på 9 mill.kr.

Samla har kommunane ein skattevekst på 7,2 % per juli, medan Kvam har ein vekst på 6,1 %. Kvam får vanlegvis skatteinntekter under 90 % av landsgjennomsnittet, og det er budsjettet med 12,2 mill.kr i inntektsutjamnande tilskot frå staten. Per juni ligg Kvam på 90,2 % av snittet.

Rammetilskotet kan verta lågare enn budsjettet, men er helde uendra i 2. tertial sidan veksten i skatteinntekter er lågare i Kvam enn elles i landet.

Kraftinntekter

Etter mykje dårlig nytt for dei viktige kraftinntektene til kommunen, er det ei lita lysning i 2. tertial. Prognosene for inntektene går opp med 0,7 mill.kr. Men det står att over 3 månader der kraftprisane framleis kan avvika frå prognosane.

Lønsoppgjer

2013 er eit såkalla «mellomoppgjer», der det berre skal vera lokale forhandlingar for i underkant av 100 tilsette mot om lag 1000 i eit «hovudoppgjer». Forhandlingane finn stad i oktober, men det er ikkje venta større avvik frå det som er att i «lønspotten» etter at dei sentrale forhandlingane er gjennomført.

Innsparingskrav og -tiltak

Sidan om lag 70 % av kommunen sine utgifter er personalutgifter, er det utfordrande å få til innsparinger på kort sikt som stemmer heilt overeins med dei politiske føringane. Dette fordi innsparingane på kort sikt skjer der det vert vakante stillingar, og stillinga som vert ledig kan vera innanfor eit satsingsområde heller enn eit innsparingsområde. Då tek det tid å få kompetansen som trengst til den vakante stillinga til å høve med kompetansen til dei tilsette som er att.

Ein del av innsparingskrava er òg felles for einingane, som auka tilskot og reduksjon i kjøp, samt generell stillingsstopp. Utfordringane i einingane har vore så store, at det har vore vanskeleg å få fordelt desse krava. Per 2. tertial står det difor att om lag 3 mill.kr i ulike innsparinger som framleis ikkje er spesifiserte. Resultatforbetringa for finansområdet er så stor i 2. tertial at den vil dekka evt. manglande innsparinger, men innsparingskravet er oppretthalde i tertialen og resultatforbetringa sett av på fond.

Gjennomgang av dei enkelte tenestene viser òg at t.d. forbruket til økonomisk sosialhjelp er svært høgt per 2. tertial, men budsjettet er likevel ikkje auka. Eventuelle overforbruk vert dekka med innsparinger på andre tenester.

Pensjonsutgifter

Rådmannen fekk fullmakt til å gjennomføra anbodskonkurranse for pensjonsleverandørar for hovudordninga til kommunen. På fullmaktstidspunktet var det to aktuelle leverandørar, KLP og DNB. Like før konkurransegrunnlaget skulle opp som sak i heradsstyret i juni, kom meldinga om at DNB ville avvikla sitt pensjonsprodukt. Det er difor starta opp direkte forhandlingar med KLP.

Pensjonen er ein av dei største driftsutgiftene til kommunen, og den utgjita som er mest utfordrande å få korrekt. Innsparing i stillingar medfører innsparinger i pensjonskostnaden, men det er mange andre element som trekkjer i motsett retning som for eksempel låg avkastning på pensjonsmidlar, forlenga forventa levealder og høgare uføregrad, element som kommunen vanskeleg kan påverka.

Oppdaterte prognosar for 2013 er ikkje gjennomgått endå, og det er ikkje gjort endringar i nivået på pensjonskostnaden. På grunn av storleiken på utgjita og dei mange utgiftselementa, er pensjonsutgjita ein av dei elementa som det knytt størst risiko til i høve budsjettavvik.

Rentenivå

Det ser ut til at finansområdet utviklar seg i positiv retning, både for renteutgifter og -inntekter. Budsjettet er difor justert for både lågare renteutgifter og høgare renteinntekter. Men marknaden kan snu, og lånenvolumet til Kvam herad gjer kommunen sårbar i høve renteauke.

Enkeltsaker

Som tidlegare år, kan det framleis koma enkeltsaker som krev hastetiltak og relativt store ressursar. Til dømes har barnevernssaker tidlegare år medført store uforutsette utgifter. Med samhandlingsreforma, har kommunen fått nye risikoelement inn i drifta i høve volumet på enkeltsaker.

Prosjekt - meirverdiavgiftskompensasjon

Den ordinære drifta har ei resultatforbetring i 2. tertial. Men sidan meirverdi på investeringar kjem som ei driftsinntekt, og inntekta er redusert med 4,6 mill.kr i tertialen, er det totale driftsresultatet forverra. Frå og med 2014 vil ikkje dette lenger vera ei problemstilling, då meirverdiavgift på investeringar vil verta ført i investeringsrekneskapet.

Inntektsreduksjonen kjem som ei fylgle av at investeringsprosjekt vert forskyvd framover i tid, då kommunen har fått utfordringar med ressursar til å iverksetja og følgja opp prosjekta.

Forskyvinga får konsekvensar for fondsmidlar til drift, då 2013 er siste året kommunen kan nytta 20 % av meirverdiavgifta til drift.

3 Utfordringar og vurderingar

Det vert vist til notat frå Helse og omsorgssjef og Oppvekstsjef som er lagt ved rapporten.

Helse og omsorg

Det er spesielt situasjonen innan avdeling pleie og omsorg og Kvam Rehabilitering- og behandlingsavdeling som uroar rådmannen. Desse tenestene er gjennomanalyserte og det er rådmannen si meinig at det ikkje står att mykje effektiviseringspotensiale innan tenestene slik strukturen er i dag. Ytterlegare sentralisering kan om mogleg gje meir effektiv drift, men det kan ikkje skje utan investeringar. Det må me koma tilbake til i Helse og omsorgsplanen. Ei satsing på omsorgsteknologi er nødvendig, men det vil krevja mykje arbeid før det vil gje gevinstar.

Rådmannen leitar etter intern og ekstern finansiering til ei stilling som kan ha ansvar for dette.

Slik situasjonen er i dag står for mange personar på venteliste for å få nødvendig tilbod. Det er først og fremst fysiske avgrensingar som gjer at det ikkje er rom for fleire pasientar, men budsjetta tillèt heller ikkje auka bemanning som trengst dersom fleire pasientar skal koma til.

Rådmannen meiner at notatet frå Helse og omsorgssjefen set lys på ein situasjon som er alvorleg og ikkje ynskjeleg. Det er få endringar som kan gjerast i denne tertialrapporten som vil få effekt eller økonomiske konsekvensar i 2013, men rådmannen ber Heradsstyret allereie i handsaminga av tertialrapporten leggja føringar for budsjettet 2014 slik at eventuelle endringar kan iverksetjast så tidleg som mogleg.

Innan avdeling helse og NAV tenkjer rådmannen at me kan fortsetja å leita etter effektiviseringstiltak.

Oppvekst

Oppveksteininga var mykje omtala i 1. tertial og konsekvensar vart vurdert då og eininga fekk tilført ekstra midlar. Nytt skule- og barnehageår er så vidt i gang og det er i notatet gjort forsøk på foreløpig vurdering av situasjonen etter kutt og tilføring av ekstra ressursar.

Kulturskulen opplever ein stor reduksjon i tal elevar. Svært mange av dei som har slutta har munnleg meddelt at dette er på grunn av den store auken i brukarbetaling. Rådmannen ber heradsstyret ta stilling til om dette er ei ynskt utvikling.

4 Endringar i prosjekt i tertialrapporten

Barnehageprosjekta var ført opp med prosjektmidlar i 2013, men kjem først i gang i 2014. Tidlegare prosjektnummer for Strandebarm, Tørvikbygd og Norheimsund/Øystese er avslutta/tilbakeført, og følgjande nye prosjekt er oppretta i tråd med HST-vedtak 039/13:

Prosjektnummer	Prosjektnamn	Prosjektrammme
P91140	Barnehage – Felles	1,5
P91141	Barnehage – Strandebarm	15,0
P91142	Barnehage – Tørvikbygd	11,5
P91143	Barnehage – Norheimsund	31,0
P91144	Barnehage – Øystese	23,0
Sum		82,0

I tertialen er det foreslått å utvida rammene til følgjande prosjekt:

P18132 – Oppgradering HST-sal: Prosjektet er auka med 0,5 mill.kr + mva for å gje rom for ombygging av lokalet, nytt møblement og oppdatert AV-utstyr til elektronisk møteavvikling.

P60131 – Asfaltering 2013: Prosjektet er auka med 1 mill.kr + mva. Det ligg ein fast sum i økonomiplanperioden pr. år. Det er eit stort etterslep på asfaltering av vegar. Sidan andre prosjekt er skyvd fram i tid, er det difor foreslått å utvida ramma til asfaltering med 1 mill.kr i år for å ta att noko av etterslepet.

P61092 – Sanering VA NHS sentrum: Prosjektet er auka med 2 mill.kr. VA-prosjektet har vist seg å vera dyrare enn forventa, og er allereie overskride med 1,5 mill.kr. Det er forventa ytterlegare 0,5 mill.kr i utgifter.

P61131 – Rassikring – mur: Prosjektet er auka med 0,2 mill.kr + mva etter at nye estimat viser at sikring av Skutalia vert 0,2 mill.kr dyrare.

Det er oppretta eit nytt prosjekt i tertialen: P62132 – Bårehus Øystese, i tråd med budsjettvedtaket for 2013. Prosjektramma er førebels på kr 620.000 som dekkjer førebelse kalkyler på prosjekteringsarbeid. Heile prosjektet har så langt ein kalkyle på 5 mill.kr + mva. Prosjektramma vert teke opp i samband med budsjettarbeidet for 2014.

5 Søknadar om støtte

Kvam herad har ikkje motteke større søknader i løpet av 2. tertial, utanom søknader til ordinære støtte- og tilskotsordningar.

6 Budsjettvedtak i heradsstyret i perioden januar – august 2013

Tabellen under viser vedtak med økonomiske konsekvensar som er gjort av Kvam heradsstyre og formannskapet i perioden januar – august 2013.

Møte dato	Saksnr.	Sakstittel	Vedtak i kr	Finansiering
05.02.2013	FSK-007/13	Sak mot staten ved Sentralskattekontoret	400.000	Finansiert med tidlegare overskot. Innarbeidd i 1. tertial.
18.02.2013	HST-013/13	Etablering av døgnopphald for øyeblikkleg hjelp		Tildelt 2,1 mill.kr i tilskot for 2014. Avtala oppstart 15.10.13. Truleg utsett.
09.04.2013	HST-028/13	Opprettig Norheimsund Industriservice AS	750.000	Næringsfond. Innarbeidd i 1. tertial.
13.05.2013	HST-034/13	Kjøp kaianlegg	2.400.000	Næringsfond. Innarbeidd i 1. tertial.
18.06.2013	HST-042/13	Norheimsund Industrier AS – Konvertering av ansvarleg lån til aksjekapital	2.800.000	Kr 800.000 omgjering av lån, konto 2227001. Kr 2.000.000 tidlegare fin. med ubunde kap.fond 25300002 – Uttak EK Kvam kraftverk (HST-061/12). Innarbeidd i 2. tertial.
18.06.2013	HST-048/13	Kommunedelplan for næring og kompetanse 2014-2022	450.000	Kr 300.000 finansiert med komp.midlar. Kr 150.000 finansiert med næringsfond. Vert innarbeidd i 3. tertial i samband med bud.arbeidet for 2014
18.06.2013	HST-039/13	Framtidig organisering av barnehagane i Kvam	82.000.000	Lånefinansiert. Innarbeidd i 2. tertial

7 Statuskommentar til budsjettvedtak, sak 139/12

Nummer	Tekst	Status
1. Hovudstrategi for Kvam herad	a: Kvam herad skal i tillegg til lovpålagte oppgåver og servicetenester til innbyggjarane arbeida for vekst i folketalet, auka sysselsetjing og verdiskaping. For å auka interessa for Kvam herad som etableringsstad med bustadbygging og næringsverksemd, er arealdisponering og eit godt vegnett internt og ut av heradet viktig. Kvam herad er i dag eit fleirkulturelt samfunn, som skal ha stort fokus på likestilling og integrering.	Administrasjonen arbeider kontinuerleg med hovudstrategien til Kvam herad. Ein viktig reiskap i arbeidet, er planprogrammet som skal gjennomførast som del av ny kommuneplan. Arbeidet med bl.a. ny næringsplan, bustadplan og integreringsplan, er starta opp.
	b: Kvam herad skal ha ein sunn økonomi og oppnå eit årleg netto driftsresultat på 3% i økonomiplanperioden. Rådmannen skal arbeida for å minimera utgifter og maksimera inntekter for lovpålagde tenester og andre tenester som vert prioritert av Kvam heradsstyre. Servicenivået for ikkje-lovpålagde tenester skal vurderast som innsparingstiltak. Eigedomsskatt på bustad og fritidsbustader skal reduserast til 2 promille i 2015 og fjernast så snart økonomien tillet det.	I økonomiplanperioden 2013-2016 er det lagt opp til ca 3% netto driftsresultat og ei nedtrapping av eigedomsskatten i hht. budsjettvedtaket. Det forutset at ei rekke spesifiserte innsparingstiltak vert gjennomført (sjå nedanfor) i planperioden. I tillegg kjem ytterlegare innsparingstiltak seinare i perioden. Desse tiltaka er ikkje spesifiserte endå.
	c: Planarbeidet i 2013 skal utførast ut frå vedteken planstrategi og -program.	Planprogrammet vedteke og arbeidet med enkeltplanar har starta opp.
2. Anbod pensjonsleverandør	Rådmannen får fullmakt til å gjennomføra anbodsrunde for pensjonsleverandørar i 2013 i samsvar med regelverk for offentlege anskaffingar.	Arbeidet med direkte forhandlingar med KLP er starta opp.
3. Finansreglement	Rådmannen får fullmakt til å utarbeida nytt finansreglement i løpet av 2013.	Arbeidet er førebels ikkje starta opp.
4. Konkurranseutsetjing	Rådmannen skal i løpet av 2013 utarbeida grunnlag for vurdering av konkurranseutsetjing for følgjande område: - Barnehage	Framtidig organisering av barnehagar var oppe som eige HST-sak 18.6.13 Nivået på reinhald er under utgreiing og vurdering, som fyrste del i

	- Reinhald	vurderinga av ev Konkurranseutsetjing.
5. Skatt på eige og inntekt	Skatt på eige og inntekt vil verta utlikna med maksimalsatsane.	Lagt til grunn i skatterekneskapet.
6. Skattemargin	Avsetnad til skattemargin vert auka frå 9% til 10%.	Lagt til grunn i skatterekneskapet.
7. Eigedoms-skatt 2013	<p>a. Med heimel for utskriving i medhald av Eigedomsskattelova § 2 og 3, skal eigedomsskatten i 2013 gjelda heile heradet.</p> <p>b. Eigedomsskattesatsen i 2013 vert 7,0 promille i samsvar med eigedomsskattelova § 11, fyrste ledd.</p> <p>c. Differensiering: I medhald av eigedomsskattelova § 12 bokstav a, vert skattesatsen (skattøyre) for bustader og fritidshus sett til 3,5 promille.</p> <p>d. Botnfrådrag: Det vert ikkje gjeve botnfrådrag på bustaddelen i eigedomar/fritidseigedomar.</p> <p>e. Fritak for eigedomar etter eigedomsskattelova § 7 vert gjeve for eigedomar som fell inn under § 7 a (Eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten) og § 7 b (bygning som har historisk verdi).</p> <p>f. Nyoppført bygning som vert nytta til husvære vert etter søknad friteken for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova i § 7 i 5 år frå den tida bygningen vart ferdig eller heradsstyret endrar eller opphevar fritaket.</p> <p>g. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Kvam herad vedteke i heradstyre 18.12.2013 skal gjelda for</p>	Punkt a-g lagt til grunn for utfakturering av 1. termin for eigedomsskatt

	eigedomsskattårret 2013, jf. Eigedomsskattelova §10.	
8. Låne- opptak	Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om opptak av nye obligasjonslån, sertifikatlån eller andre lån til finansiering av prosjekt etter kvart som dei vert vedtekne, samt å avtala nærmere lånetidspunkt og lånevilkår, og underteikne lånekontraktar. Lånebehovet for 2013 er på 168 mill. kr med fråtrekk av ubrukte lånemidlar per 1.1.2013. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med Husbanken om inntil 20,0 mill. kr i lån til vidare utlån (Startlån).	Ubrukte lånemidlar pr. 1.1.2013 utgjorde 20,6 mill.kr, dvs. at behovet for nye lån var ca 147 mill.kr. Nye prosjekt og utviding av tidlegare vedtekne prosjektrammer i tertialen, auka lånebehovet til 167 mill.kr. Så langt er det teke opp 163 mill.kr i nye lån. Det er søkt om 20 mill.kr i Husbanklån. 15 mill.kr er tildelt og utbetalt.
9. Refinans- iering	Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om refinansiering av eksisterande lån, til å inngå avtale om lånetidspunkt og lånevilkår, samt underteikne lånekontraktar. Refinansiering av eksisterande lån skal ikkje medføra endring i den reelle avdragsplanen.	227 mill.kr er refinansiert i løpet av 1. tertial, sjå vedlagt finansrapport.
10. Låne- avdrag	Det skal betalast 27,6 mill. kr i avdrag i 2013.	Det er betalt 17,5 mill.kr i avdrag per 2. tertial. Avdragssummen vart justert ned til 26,25 mill.kr i 1. tertial, som utgjer ca 3,7% av lånemassen.
11. Trekkrett	I følgje vedteken plasseringsstrategi for Kvam herad vert det vedteke å oppretthalda trekkrett i kontosystemet til Kvam herad. Trekkretten for 2013 skal vera på inntil 40 mill.kr.	Trekkretten er så vidt nytta i ein kort periode i 2013.
12. Delegerings- reglement	Budsjettet for 2013 er definert gjennom obligatoriske hovudoversikter for drift og investering. Rådmannen får fullmakt til å fordela ramma i samsvar med underliggjande dokumentet og tabellar. Prosjekt vert vedtekne i særskilde tabellar.	Eventuelle endringar vert kommentert i eige kapittel i tertialen.
13. Justering av	Rådmannen får fullmakt til å justera budsjetta for prosjekt i høve til endringar i	Det er føreteke justeringar i tid for barnehageprosjekta. Vurdering av

prosjekt i tid	tid	evt. nye justeringar vil verta gjort i samband med Budsjett 2014.
14. Avgiftsbudsjett og gebyr	Avgiftsbudsjett og kommunale gebyr vert vedteke i samsvar med føresetnader i eiga sak.	Avgiftsbudsjettet vart endra i eige sak (HST-010/13) for å tilpassa renovasjonsgebyra til BIR sitt forslag og nokre andre mindre justeringar.
15. Økonomisk sosialhjelp	<p>Økonomisk stønad etter lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga er ei skjønsmessig yting, jf. § 18. Kvam herad nyttar satsar som er i samsvar med statlege rettleiande retningslinjer for utmåling av økonomisk stønad til livsopphald.</p> <p>Kvam herad set som vilkår for tildeling av økonomisk stønad, at mottakaren i stønadsperioden skal utføra passande arbeidsoppgåver i kommunen, jf. § 20.</p>	Det er sett ned ei styringsgruppe (Helse- og omsorgssjef og NAV-leiar) og ei prosjektgruppe som skal arbeide fram forslag til løysingar. Utfordrande å få gjennomført pga vakante stillinger, sjå vedlagt notat frå Helse og omsorg.
16. Driftsbudsjett i 2013-2016	Driftsbudsjettet vert vedteke i samsvar med tabellen nedanfor og underliggende tabellar (tal i 1.000 kr), justert for innsparingstiltak .	Eventuelle endringar vert kommentert i eige kapittel i tertialen.
17. Rammeområde	Budsjettet fordelt på rammeområde, jf. Økonomireglementet for Kvam herad (til i 1.000 kr), justert for innsparingstiltak	Eventuelle endringar vert kommentert i eige kapittel i tertialen.
18. Investeringsbudsjettet for 2013-2016	Investeringsbudsjettet vert vedteke i samsvar med tabellen nedanfor og underliggende tabellar.	Eventuelle endringar vert kommentert i eige kapittel i tertialen.
19.	Kvam heradsstyre viser til vedtak i budsjett for 2012 vedkomande serviceerklæringer og soneinndeling. Rådmannen må innarbeida dette i den varsle helse-og omsorgplanen.	Soneinndelinga i Pleie og omsorg er fjerna i ny organisasjonsstruktur. Helse- og omsorgsplan er under utarbeiding. Planprogram var oppe som eiga sak i juni
20.	Kvam heradsstyre ber rådmannen leggja fram ei sak om Kvam familie- og læringssenter. Saka skal òg omhandla totalkostnad ved å ta gamle Norheimsund ungdomsskule i bruk til dette formålet.	Saka er ikkje utgreidd på grunn av kapasitetsproblem i Teknisk eining. Ikke fastsett tidspunkt for ei avklaring.
21.	Kvam heradsstyre vedtek at stillingsstoppen skal fortsetja. Økonomiutvalet skal ha ei grundig	Rådmannen orienterer økonomiutvalet på kvart FSK-møte.

	løypemelding på kvart møte.	
22.	Kvam heradsstyre ynskjer tidleg innsats i skulen for å få ned talet på spesialundervisning. Tilsette i PPT skal jobba meir systemretta i skular og barnehagar for tettare og raskare oppfølging.	Skulen har store problem med å gjennomføra dette med dei rammene som er tildekte. Bakgrunn for at skulen opplever at ramma er for liten heng saman med at skulen får mange elevar med behov for spesialundervisning. Dette medføre at det ikkje ressursar til å prioritera tidleg innsats, tilpassa opplæring og auka vaksentettleik for dei aller yngste elevane. Det har vorte ein netto auke på 4 sakkunnige rådgjevingar. Rammene er difor auka med om lag 1 årsverk for skuleåret 2013/14. Sjå elles vedlagt notat frå Oppvekst.
23.	Tilby 50% eller 100% plassar i barnehage. Gje foreldra høve til å endra plassen sin kun i august ved hovudopptak og i januar (dersom det er 2 opptak i løpet av året).	Nye vedtekter vart vedtekne i HST-sak 008/13. Per no er det eitt hovudopptak med søknadsfrist 1. mars.
24.	Kvam heradsstyre set av kr 2 mill. til vidareutvikling av Sjusete skisenter i samsvar med planar som føreligg. Utbetalinga skal fordelast i økonomiplanperioden 2013-2014. Finansiering: mastekompensasjonsfondet.	Det er lagt inn 1 mill.kr i 2013 og i 2014 i øk.planen.
25.	Kraftinntekter utover budsjett skal setjast av i eit kraftfond.	Auke i kraftinntekter (sal 0,7 mill.kr + rente 0,3 mill.kr) er budsjettert som avsetning i tertialen.
26.	Kvam heradsstyre ber rådmannen leggja fram ei sak om eventuell samanslåing av Eldrerådet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.	Saka er førebels ikkje påbyrja.
27.	Kvam heradsstyre ber rådmannen, i samarbeid med Kyrkleleg fellesråd, prosjektera nytt bårehus ved Øystese kyrkje i 2013, med mål om realisering i denne økonomiplanperioden.	Prosjekteringsutgiftene er innarbeidd i 2. tertial. Bygget vert handsama i samband med budsjettet for 2014.
28.	Tabellane i punkt 17, 18 og 19 ER justert for følgjande innsparingstiltak	Innsparingstiltaka vert kommentert i tabellen nedafor.

Område	Tiltak	Innsparing	Innsparing 2013	Status
Oppvekst	Sal av tenester / deler av årsverk	500 000	500 000	Mangler kr 160.000 så langt, men kjem truleg i mål med sjukelønsrefusjon.
Oppvekst	Gjennomgang av saker der fleire tenester er inne for å sikre unødig overlapping av tenestetilbodet, og klargjering av ansvarsforhold.	100 0	0	KFL-arbeidsgruppe har starta opp arbeidet. Skal iverksetja 3 tiltak: 1. Foreldreskule 2. BUF-team 3. Intro.program barn og unge o-20 år
Skule	Ekstern skule og bh vurdering	150 000	75 000	Innarbeidd i ressurstildelinga for skuleåret 2013/14
Skule	Skule - grunnbemanning, naturleg endring som følgje av endra barnetal	1 000 000	500 000	Innarbeidd i ressurstildelinga for skuleåret 2013/14
PPT	PPT - ei stilling over til skule, redusere skuleramma. Til arbeid med lese/skrivevanskar	600 000	300 000	Innarbeidd i ressurstildelinga for skuleåret 2013/14 Sjå vedlagt notat frå oppvekst
PPT	PPT sal av tenester/foredrag	100 000	50 000	Gjennomført ved å spara lønsmidlar i vakant stilling.
Barnehage	4 veke ferie i barnehager	550 000	550 000	Innarbeidd i vikarbudsjett
Barnehage	1 time lengre opningstid i alle BHG, innsparing tilskot til FUS	900 000	450 000	Auka opningstid gjennomført. Ser ut til å verta innfridd, men utrekninga av tilskotet er komplisert og avheng av ein rekke faktorar. Resultatet vert ikkje kjent før ved avlegging av årsrekneskapet 15.2.14
Barnehage	Styrarressurs Oma og Fykse	430 000	215 000	Prosess gjennomført i mai.
Barnehage	Barnehage - redusere grunnbemanning og innføre 50% eller 100% plassar	1 500 000	700 000	Vedtekter endra i eiga sak. Grunnbemanning teke ned med 2 årsverk. 0,9 årsverk tilbakeført i 1. tertial for bhg.året 2013/14.
Barnehage	Fus som følgje av barnehage innsparing	300 000	150 000	Sjå punkt ovanfor.
Helse og omsorg	Nedlegging av Firklooveren sjukeheim (9 senger), opning av 6 senger på Øysteseheimen 1. etg.	2 500 000	1 000 000	Tilbodet ved Firklooveren vart lokalisert på Toloheimen, gruppe aust frå 2.9.13. Sjå vedlagt

Område	Tiltak	Innsparing	Innsparing 2013	Status
				notat frå Helse og omsorg.
Helse og omsorg	Rammeinnsparing	2 000 000	2 000 000	Generell innsparing i vakante stillingar og liknande. Sjå vedlagt notat frå Helse og omsorg.
Kulturskulen	Ikkje tilbud til vaksne elever	120 000	60 000	Innsparinga gjennomført, gjeldande f.o.m. hausten 2013
Kulturskulen	Kutta dirigentstøtte til 4 vaksne kor	260 000	260 000	Innsparinga gjennomført, gjeldande f.o.m. hausten 2013
Kulturskulen	Ventelister eller nedre aldersgrense på noen instrumenter	100 000	50 000	Innsparinga gjennomført, gjeldande f.o.m. hausten 2013
Kulturskulen	Søknadsdato som endelig dato	150 000	75 000	Innsparinga gjennomført, gjeldande f.o.m. hausten 2013
Kulturskulen	Auka elevbetaling med 25%	300 000	150 000	Innsparinga gjennomført, gjeldande f.o.m. hausten 2013
Idrett	Ta bort stilling som idrettskonsulent	256 000	256 000	Ikkje tilsett ny i stillinga.
Kultur	Diverse innsparing	320 000	320 000	Innarbeidd i budsjett
Plan	Fjerna konsulenthonorar	204 000	204 000	Innarbeidd i budsjett
Næring	Redusera overføring til andre kommunar	250 000	250 000	Innarbeidd i budsjett
Næring	Flytte turistinformasjonen i Norheimsund	50 000	25 000	Utleige av aktuelt lokale gav tilsvarende inntekt.
Næring	Redusera summen som er til disp for næringstilskot	18 000	18 000	Innarbeidd i budsjett
Administrasjon	Reduksjon i stillinger	2 500 000	2 500 000	Innarbeidd tiltak i 2. tertial. I tillegg til 2,5 mill.kr kjem ytterlegare 3 mill.kr i innsparingar for å nå politisk vedteke resultatmål på 3% netto driftsresultat. Desse er ikkje konkretiserte endå.
ØkOrg	Automatisera arbeidsprosessar som å få mindre arbeidkrevande portalløysing, sentralbord, elektroniske arkiv, informasjonsarbeid, utfakturering mm.	1 500 000	0	Prosjektarbeid for heilelektronisk arkiv og portal er i statfasen.
ØkOrg	Systematisk arbeid med tilskotsordningar for å finna nye inntekter til å finansiera eksisterande	2 000 000	1 000 000	Det vart søkt om ekstra midlar til barnevernstenesta (HST-009/13). Søknaden vart

Område	Tiltak	Innsparing	Innsparing 2013	Status
	tiltak, evt. omdisponering av arbeidsoppgåver.			ikkje innvilga. 0,5 mill.kr som auka husleigeinntekter, elles ikkje funne andre høvelege tilskotsordningar.
ØkOrg	Innsparing i varekjøp ved anbodskonkurransar og reforhandlinga av avtalar	2 000 000	500 000	0,1 mill.kr på ny telefonavtale, andre mindre innsparingar og 0,3 mill.kr spart inn i kursutgifter.
ØkOrg	Auka purregebyr	200 000	200 000	Inntektsauken ser ut til å verta innfridd.
ØkOrg	Post – meir elektronisk, mindre papirutskrifter	200 000	100 000	Ser ut til at målet vert nådd, men det er framleis bl.a. mange unødige gebyr på grunn av manglande/for låg porto på utsendingar og for mange papir i omløp.
ØkOrg	Mindre bruk av eksterne konsulentar, og meir bruk av interne ressursar til juridiske og økonomiske analysar og avtalar	300 000	100 000	Ser ut til å verta nådd.
ØkOrg	Gjennomgang av IKT-lisensar, reduksjon antal program	100 000	50 000	Lisensar tilsvarande innsparingskrav, er avslutta.
ØkOrg	Bibliotek i Øystese - flytting av bibliotek til kommunale lokale, innsparing husleige	100 000		Husleige sagt opp f.o.m. feb. 14. Ikkje andre eigna kommunale lokale i Øystese.
ØkOrg	Bibliotek i Norheimsund - flytting av bibliotek til kommunale lokale, innsparing husleige. Alt. flytting til rimelegare, privat lokale.	450 000		Avventar sak om lokale til Familie- læringssenter. Har starta forhandlingar med eksisterande huseigar.
ØkOrg	Innsparing 1 årsverk bibliotek	600 000	300 000	Prosess gjennomført våren 2013.
ØkOrg	Færre HST-møte	100 000	100 000	Antal møter er redusert i 2013.
Barnevern	Barnevernvakt	350 000	350 000	Vakta er avvikla f.o.m. 1.1.13
Vaksen Opplæringa	Vaksenopplæringa har fått nye utfordringar knytt til lov pålagte tenester, mulig/planlagt innsparing på vaksenopplæringa kr. 550000 må nyttast til	500 000	500 000	Innsparing gjennomført som auke i statstilskot for høgare aktivitet og gjennomføringsgrad. Inntektssida er noko usikker.

Område	Tiltak	Innsparing	Innsparing 2013	Status
	denne tenesta			
Teknisk	Reforhandla avtale næringsavfall	300 000	300 000	Innarbeidd i budsjett
Teknisk	Reduksjon bemanning bygg(Vakant)	600 000	600 000	Innarbeidd i budsjett
Teknisk	Reduksjon brannvern	395 000	395 000	Innarbeidd i budsjett
Teknisk	Reduksjon byggjesak/Geodata/planar	150 000	150 000	Innarbeidd i budsjett
Kommunehelse	Rammeinnsparing		1 000 000	Generell innsparing i vakante stillingar og liknande. Sjå vedlagt notat frå Helse og omsorg.

8 Drift per 2. tertial

Økonomisk hovedoversikt – driftsbudsjett 2013, endringar i 2. tertial

ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT, INKL. PROSJEKT						
DRIFTSINNTEKTER	Rek 2013, 2T	Opp.bud 2013	Budsjett 2013 etter 1. tertial	Budsjett 2013 etter 2. tertial	Forbruk h.i.å %	Endring 2. tertial
LN03 Brukarbetalingar	13 863	20 445	20 445	20 495	67,6 %	50
LN04 Andre sals- og leigeinntekter	26 665	46 395	46 395	47 037	56,7 %	642
LN05 Overføringer med krav til motyting	52 809	84 695	91 036	86 366	61,1 %	-4 670
LN06 Rammetilskot frå staten	174 272	255 436	252 689	252 776	68,9 %	87
LN07 Andre statlege overføringer	21 753	32 380	32 380	42 130	51,6 %	9 750
LN08 Andre overføringer	7 068	15 003	15 003	16 803	42,1 %	1 800
LN09 Skatt på inntekt og formue	120 897	187 884	189 978	189 978	63,6 %	0
LN10 Eigedomsskatt	19 202	37 500	37 500	38 350	50,1 %	850
LN11 Andre direkte og indirekte skattar	23	3 875	3 875	3 875	0,6 %	0
LN12 Sum driftsinntekter	B	436 553	683 613	689 301	62,6 %	8 509
DRIFTSUTGIFTER	Rek 2013, 2T	Opp.bud 2013	Budsjett 2013 etter 1. tertial	Budsjett 2013 etter 2. tertial	Forbruk h.i.å %	Endring 2. tertial
LN14 Lønsutgifter	233 278	367 031	368 637	368 453	63,3 %	-184
LN15 Sosiale utgifter	75 729	105 617	105 511	104 936	72,2 %	-575
LN16 Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon	48 661	80 720	81 104	81 835	59,5 %	731
LN17 Kjøp av tenester som erstatter kommunal tjenesteproduksjon	21 565	29 784	30 705	31 792	67,8 %	1 087
LN18 Overføringer	38 308	56 484	57 805	69 134	55,4 %	11 329
LN19 Avskrivningar	0	29 412	29 412	29 412	0,0 %	0
LN20 Fordelte utgifter	0	-2 414	-2 414	-2 414	0,0 %	0
LN21 Sum driftsutgifter	C	417 541	666 634	670 759	61,1 %	12 387
LN23 BRUTTO DRIFTSRESULTAT	D=B-C	19 012	16 979	18 542	129,7 %	-3 878
EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONER	Rek 2013, 2T	Opp.bud 2013	Budsjett 2013 etter 1. tertial	Budsjett 2013 etter 2. tertial	Forbruk h.i.å %	Endring 2. tertial
LN24 Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	11 192	24 100	21 700	22 524	49,7 %	824
LN25 Gevinst finansielle instrumenter	0	100	100	100	0,0 %	0
LN26 Mottekne avdrag på lån	85	0	0	85	100,5 %	85
LN27 Sum eksterne finansinntekter	E	11 277	24 200	21 800	49,7 %	909
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	7 252	24 010	24 010	23 510	30,8 %	-500
LN28 Tap finansielle instrumenter	0	100	100	100	0,0 %	0
LN30 Avdragsutgifter	17 502	27 600	26 250	26 250	66,7 %	0
LN32 Sum eksterne finansutgifter	F	24 754	51 710	50 360	49,6 %	-500
LN34 Resultat eksterne finansieringstransaksjoner	G=E-F	-13 477	-27 510	-28 560	-27 151	49,6 %
LN35 Motpost avskrivningar		0	29 412	29 412	29 412	0,0 %
LN36 NETTO DRIFTSRESULTAT	I	5 535	18 881	19 394	16 924	32,7 %
AVSETNINGAR	Rek 2013, 2T	Opp.bud 2013	Budsjett 2013 etter 1. tertial	Budsjett 2013 etter 2. tertial	Forbruk h.i.å %	Endring 2. tertial
LN39 Bruk av disposisjonsfond	0	16 265	16 265	16 265	0,0 %	0
LN40 Bruk av bundne fond	3 118	23 308	23 308	44 942	6,9 %	21 634
LN42 Sum bruk av avsetningars	J	3 118	39 572	39 572	61 206	5,1 %
LN44 Overført til investeringsrekneskapet	0	21 167	125	125	0,0 %	0
LN46 Avsetninger disposisjonsfond	8 180	13 221	36 148	35 113	23,3 %	-1 034
LN47 Avsetninger til bundne fond	56	24 065	24 065	43 292	0,1 %	19 226
LN49 Sum avsetningars	K	8 237	58 453	60 338	78 530	10,5 %
LN50 Til inndekning seinare år (underskot)	0	0	-1 372	-400	0,0 %	972
LN51 Regnskapsmessig mindreforbruk	L=I+J-K	417	0	-1 372	-400	-104,2 %
						972

Kommentar til tabell:

LN12 - Sum driftsinntekter aukar med 8,5 mill. kr.

Den største endringa i tertialen er auke i heimfallsinntekter på 9,8 mill.kr. Dette er dessverre ikkje ein reell inntektsauke, men ei endring frå nettoføring av inntektene til brutto. Det er ein tilsvarende auke i driftsutgifter på 8,3 mill.kr (LN18), dvs at det er ein reell auke på 1,5 mill.kr. På den andre sida er prognosene for sal av konsesjonskraft 0,7 mill.kr lågare, og inntektsauken vert på 0,7 mill.kr samla for kraftinntektene.

Inntektene er oppjustert med 2,6 mill.kr for kompensasjonsinntekter (arb.gj.avg.) frå fylket (LNo8). Inntektene har tilsvarende utgift på 2,8 mill.kr (LN18).

Husleigeinntektene har auka med 0,6 mill.kr, bl.a. frå utleige av lokale til Helse Vest på Toloheimen.

Eigedomsskatten for bruk og verk aukar med 1,5 mill.kr, bl.a. pga skatt på nye master, medan eigedomsskatten for bustader og hytter ser ut til å verta 0,7 mill.kr lågare, netto 0,9 mill.kr.

Tidsforskyving av prosjekt resulterer i ein reduksjon på mva kompensasjonsinntekt på 4,6 mill. kr.

LN21 - Sum driftsutgifter viser ein auke på 12,4 mill. kr.

Bruttoskatt på heimfallsinntekter omtala ovanfor, utgjer 8,3 mill.kr av LN18, og bruk av kompensasjonsinntektene 2,8 mill.kr.

Basistilskot til fastlegane er auka med 1,0 mill. kr. Dette har vore for lågt budsjettet tidlegare. Elles er det interne justeringar mellom lønsutgifter og kjøp av varer og tenester.

Brutto driftsresultat er 3,9 mill. kr därlegare enn justert budsjett per 1. tertial. Det meste av auken i driftsinntekter har tilsvarende utgift, men tidsforskyving i prosjekt gjer at mva.kompensasjonsinntektene fell med 4,6 mill.kr som utgjer det meste av resultatforverringa.

Resultat eksterne finanstransaksjonar er forbетra med 1,4 mill. kr.

